



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 20.01.2022

Klokka 12.00 – 15.00

Stad: Digitalt

Til stades:

Eidfjord kommune:

Ordfører Anders Vatlé

Kvam herad:

Ordfører Torgeir Næss

Ullensvang kommune:

Ordfører Roald Aga Haug -rådsordfører

Ulvik herad:

Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen

Ullensvang herad:

Ole-Jørgen Jondahl - leiar i rådmannsforum

Administrasjonen:

Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude L. Rinaldo

Agenda:

12.00 - 15.00 Sakshandsaming

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Torgeir Næss og Anders Vatlé

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 01/22 Meldingar

Ingen meldingar til møtet

HR-sak 02/22 Søknad om støtte til sykkelrittet Tour of Norway.

Vedtak:

Hardangerrådet gjev ikkje støtte til det internasjonale proffrittet Tour of Norway 2022.

HR-sak 03/22 Støtteuttale vedr. Hardanger Lift.

Saka vert trekt frå saklista.

HR-sak 04/22 Endring av møteplan 2022 for Hardangerrådet.

Mrk også møtekollisjon 31. mars.

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek endra møteplan med ny møtedato 21.10.2022 og 01.04.2022 som Hardangerrådet sin møteplan for 2022.

HR-sak 05/22 Rettsal Lofthus - forlenging av avtale.

Administrasjonen finn ut av prinsipp om betaling for desentraliserte rettssalar.

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

HR-sak 06/22 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

- **Innspel til medlem av regjeringa sin energikommisjon**

Vedtak:

Uttale frå Hardangerrådet:

Me viser til Hurdalsplattforma, og energikommisjonen som skal setjast ned.

Hardangerrådet ser det som svært viktig at dei industri- og kraftproduserande regionane i distrikts-Noreg vert representert i eit slikt utval.

Me vil difor spela inn fylgjande kandidat: **Hroar Holm Carlsen**. Han er verksdirektør ved Elkem Bjølvefossen AS i Ålvik i Kvam herad i Hardanger. Han er Sivilingeniør med brei industribakgrunn frå kraftkrevjande industri. Han er også styremedlem i Høyanger næringsutvikling og kommunestyrerepresentant (H) i Høyanger kommune

- **Team Vestland - deltaking frå Hardanger**

Dagleg leiar undersøker detaljer om organiseringa av Team Vestland, og forventa møtefrekvens og arbeid.

- **Brev frå Naturvernforbundet - Eventuell lokalisering av ny oppdrettsindustri innanfor Samlen må bli ei interkommunal problemstilling som skal vurderast gjennom ei konsekvensutgreiing.**

HR tek brevet til vitande og viser til sitt vedtak av 17.12.2021 i HR sak 34/21 punkt om Regional plan for forvaltning av Hardangerfjorden:

“Vedtak: Hardangerrådet bed administrasjonen utarbeida framlegg til prosjektplan for felles arealforvaltning av Hardangerfjorden, avgrensa til områda innanfor kommunegrensene våre. Ein føreset at dette vert finansiert med prosjektmidlar frå Vestland fylkeskommune. Ein bed om at Voss herad vert kontakta i denne prosessen.”

- **Invitasjon til deltaking i politisk samarbeidsgruppe for utforming av Vestland sin fyrste klimaplan.**

Første møte: Digitalt 27. januar 10.00 - 12.00

Vedtak:

Hardangerrådet har valgt rådsordførar Roald Aga Haug med rådsvaraordførar Anders Vatle som vara, til å ta del i samarbeidsgruppe for utforming av Vestland sin fyrste klimaplan.

- **Nytt prosjekt “Flytt til Hardanger”**

Administrasjonen saman med rådsordførar får i oppgåve å laga eit prosjekt med konkrete mål og som søker konkrete resultat.

Møteboka godkjent 20.01.2022

Roald Aga Haug
Rådsordførar

Torgeir Næss
Rådsmedlem

Anders Vatle
Rådsmedlem